

## Svar på interpellasjon

### Spørsmål

1. Kva er den faglege grunngevinga for å leggje ned musikkjengen?
2. I kva grad har foreldre som treng tilbodet, og dei unge som har tilbodet, vorte ivaretatt med dei partsrettar dei har etter gjeldande lovverk?
3. Kva alternative tilbod vil dei som er der i dag, få om musikkjengen vert lagt ned?

### Svar:

På heimesida til kommunen står det i tenesteskildringa om avlasting: « *For barn og unge, der avlasting i Kvasten avlastingsbustad ikkje er rett avlastingsform, kan vi gi tilbod om aktivitetsbasert avlasting i grupper. Denne tenesta består av ulike aktiviteter, til dømes helgeturar og fritidsaktivitetar på ettermiddag og kveld.*» Formålet med aktivitetsbasert avlasting er å gi avlasting til føresette med særleg tyngande omsorgsoppgåver. Målet med avlastinga er ikkje å ta i vare eit kulturtilbod til barn/unge. Helse - og omsorgsteneste har ikkje som formål å ta i vare kulturtilbod, jf. formålparagrafen i helse- og omsorgstjenesteloven § 1-1. I utforminga av avlastingstilbodet vert det lagt vekt på at tilbodet skal vere motiverande og opplevast positivt av brukargruppene.

### Svar på spm. 1:

Kommunen har hatt og skal framleis ha aktivitetsbasert avlasting som tilbod, men kva grupper/tilbod som inngår i aktivitetsbasert avlasting vil endre seg over tid; ut i frå behov, ønskje, etterspørsel, kva som er ressursmessig fornuftig osv. Musikkgruppa er eit av fleire gruppetilbod. Helse og omsorg har så lenge aktivitetsbasert avlasting har vore eit tilbod i kommunen (frå 2008), føreteke nødvendige endringar i dei ulike gruppetilboda ut frå behov og ønsker. Musikkgruppa er planlagt avslutta i samband med skuleferien 2018, dels pga. brukarane sin alder, bortfall av deltakarar over tid, forventa låg etterspørsel framover/musikkgruppe er lite egna tilbod til nye kjente brukarar som kjem til, samt at brukarane kan nyttiggjere seg andre avlastingstilbod. Om det i framtida igjen vert aktuelt å opprette ei musikkgruppe som aktivitetsbasert avlasting, så kan dette bli aktuelt. Økonomiske innsparingar er ikkje årsaka til at musikkgruppa er planlagt nedlagt.

### Svar på spm. 2 og 3:

Pårørande /brukarar har fått munnleg informasjon om at musikkgruppa er planlagt avslutta, og at det vil bli eit anna avlastingstilbod i staden frå hausten av 2018. Det er ikkje tatt stilling til korleis avlasting skal organiserast framover for dei som er i musikkgruppa. Pårørande/brukarar som har avlastingsvedtak kor det står at aktivitetsbasert avlasting vil vere i form av deltaking i musikkgruppe, vil få varsel om endring av vedtaket med frist til å uttale seg, før endringsvedtak vert laga. Alle partrettar etter forvaltningsloven vil bli tatt i vare.

Mvh

**Leni Dale** | Kommunalsjef helse og omsorg

**E-post:** [leni.dale@lindas.kommune.no](mailto:leni.dale@lindas.kommune.no) |

**Telefon:** +47 56 37 51 81 / +47 908 54 464

**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)